

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 31.05.2021  
**FRÅ:** Administrerende direktør Jon Bolstad  
**SAKSHANDSAMAR:** HR- og org. direktør Berit Berntsen

**SAKA GJELD:** **Administrerende direktør si orientering, pkt. 4**  
**Kommunikasjons- og marknadsarbeid i Sjukehusapoteka Vest HF**

**ARKIVSAK:** 2021/19  
**STYRESAK:** 13/21

**MØTE:** **10.06.2021**

---

### Oppsummering

Kommunikasjon som eige område i SAV vart oppretta i 2014. Kommunikasjonsleiar har vore organsiert i HR- og organisasjonsavdelinga. Eininga har hatt ansvar for strategisk kommunikasjon, mediehandtering, innhaldsproduksjon og profileringsmateriell, sosiale medier, leiarrettleiing og systemansvar på inter- og intranett. SAV har og vore representert på ulike arenaer nasjonalt og regionalt ved kommunikasjonsleiar og HR- og org.direktør. Det er lagt ned stor innsats i arbeidet, samstundes som totalkapasitet har vore krevjande. Det har vore naudsynt å leige inn kompetanse ved ulike høve. Kommunikasjonsleiar går no vidare til nye utfordringar i anna verksemd.

Ein styrking av kommunikasjonsfeltet i Sjukehusapoteka Vest har i lang tid vore etterspurd. Ein opplever at ein har eit godt grunnlag i det arbeidet som har vore gjort siste åra, men at det er sentrale fagfelt som ikkje har vore dekkja. Resultat frå publikumsutsala vitner om behov for styrka marknadsfokus, utover grossiststyrte nasjonale kampanjar og initiativ frå det nasjonale publikumsutvalet. Slagordet «litt meir enn eit vanleg apotek» er eit godt utgangspunkt for å byggje merkevare ut frå alle forretningsområda i SAV og med det profilere føretaket som veslandets leiande kompetanseverksemd innan legemiddel.

Ein har difor valgt å etablere kommunikasjon og marknad som ei stabsavdeling i FAD. Stillinga som kommunikasjonsleiar vert ført vidare som kommunikasjons- og marknadsdirektør, og ein vil styrke området for intern kommunikasjon med å etablere ein rådgjevarstilling i tillegg. Bernt Flekke har takka ja til tilbod om stilling som kommunikasjons- og marknadsdirektør. Han startar 01.08.2021. Stilling som rådgjevar er lyst ut.

Fagforeiningane og føretakshovudverneombud slutta seg til planane i samhandlingsmøte 19.05.2021.